



NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon

Lars Kringstad, 71 25 84 50

Herøy kommune.

Fråsegn til søknad om permanent senking av vasstand i Igesundvatnet.

Bakgrunn

Herøy vasslag SA søker om løyve permanent senking av HRV i Dam Igesundvatn med 1,85 m (frå kote 121,05 til 119,2). Dette for å tilfredsstille damsikkerhetsforskrifta. Tiltaket vil ikkje gje endringar i vassføring eller vasstandsvariasjonar. Dammen vart bygt på 1960-talet og vatnet er i dag krisevatn for Herøy vasslag SA. Det blir opplyst at Igesundvatnet har ei reguleringshøgde på 3,3 m, men at denne ikkje har vore nytta dei siste 30 år. Vasstanden har i denne perioden lagt på HRV. Dammen består opphavleg av to vatn Igesundvatnet og Vikavatnet. Det er ikkje minstevassføring frå dammen. Igesundselva har stort sett normal vassføring ut frå dammen, medan elva nedstraums Vikavatn har vore tørrlagt sidan 1950-talet. Denne drenerte ned mot Myklebustvatnet. Myklebustvatnet naturreservat vart oppretta i 1988 (verneplan for våtmark).

Merknader

I søknaden er det gjort ein grundig gjennomgang av naturmangfaldsverdiane i området. Vi har ikkje vesentlege merknader til desse og til dei vurderingar av konsekvensane som er gjort.

Vi kjenner ikkje til registreringar av laks- eller sjøaure i Igesundselva. Det utelukkar likevel ikkje at elva kan ha anadrom fisk i nedre deler. Vi ser det likevel ikkje som naudsynt med særskilt behandling etter laks- og innlandsfisklova.

Når det gjeld spørsmålet om eventuell elvemusling kjenner vi heller ikkje til slike førekomstar her. Det er gjennomført kartlegging av elvemusling i fylket gjennom fleire år, men Igesundselva har ikkje vore undersøkt. Det har blitt observert ål i Igesundvatnet (udatert). I kva grad ål går opp i vatnet i dag er ikkje kjent.

For det akvatiske miljøet vert det også vist til Vann-Nett. Her vil vi merke at klassifiseringa av vassførekomstane Storevatnet (Igesundvatnet) og Igesundselva nok er ufullstendige. Vi har m.a. ikkje vore klar over at Dam Igesundvatn tidlegare bestod av to vatn. Dette skal vi sjå nærare på. Det skal sleppast minstevassføring til Igesundselva gjennom anleggsperioden. Etter dette vil det vere naturleg overløp frå dammen. Vi har derfor grunn til å anta at tiltaket ikkje vil føre til ytterlegare

negativ påverknad på det akvatiske miljøet. Uavhengig av noko ufullstendig klassifisering i Vann-Nett meiner vi tiltaket i seg sjølv ikkje vil gjere det vanskelegare å oppnå miljømåla i vassforskrifta.

Området er eit mykje nytta nærfriluftsområde og vatnet blir nytta til bading og fiske. Ei permanent senking av HRV med 1,85 m vil gje ein del større og naken strandsone enn i dag. Landskapsmessig kan dette vere negativt, men arealet vil sannsynlegvis gro noko til med åra.

Vurdering etter forureiningslova

Tiltaka vil vere av kortvarig karakter og partikkelspreiing som følge av arbeidet blir ikkje vurdert å medføre forureining utover det som er vanleg ved slik verksemd. Vi gjer likevel merksam på at partiklar frå eventuell sprengstein og betongsaging kan ha uheldige verknader på fisk. Ein bør derfor søkje å unngå/fange opp slik partikkelspreiing i den grad det er mogleg.

På bakgrunn av opplysningar i søknaden vurderer Statsforvaltaren tiltaket som midlertidig anleggsverksemd og vi ser ikkje behov for at det er naudsynt med særskilt løyve etter forureiningslova, jf. forureiningslova § 8 første ledd punkt 3. Dersom det skulle oppstå uføresette hendingar som kan medføre vesentlege utslepp skal Statsforvaltaren informerast og tiltak setjast i verk.

Konklusjon

Vi viser til kommentarane over og har elles ikkje vesentlege merknader til søknad om permanent senking av HRV i Igesundvatnet.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f.)
fagsjef

Lars Kringstad
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent.

Kopi til:
HERØY KOMMUNE

Møre og Romsdal
fylkeskommune

Postboks 6099 FOSNAVÅG
274
Fylkeshuset 6404 MOLDE